

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim

Tiriltunge Barnekor presenterer:



På skattejakt i Norge

Ei forestilling med kor, solistar, band og gjestar
Støtta av Gjensidigestiftelsen og Sparebanken Norge

Arrangørar: Austrheim Frivilligsentral og Austrheim Kulturskule

Austrheim Samfunnshus

Fredag 17. april kl. 18.00


Lørdag 18. april kl. 17.00

Billettar: Vaksne kr 200,- / Born kr 100,-

(Born under 3 år gratis på fang)

Førehandsal på Mastrevik Bok og Leker og Ticketco.

Kyrkjebakken nr. 3 – 2026 – marsnummeret – årgang 55- Nytt stoff innan 17. april



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest: Treftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:
Stein Hugo Fykse 909 60 154
Kyrkjeverje Jostein Hauge 404 66 211
Organist Lyder Minde Janøy 930 52 962
Kyrkjetenar Gry Haukeland 400 47 718
Soknerådsleiar
Helge Dyrkolbotn 416 62 610
Trusopplærar
Amelie K. Storebø 483 57 027

Redaksjonen
Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat
for eventuelle endringar.



Søndag 29.mars kl 18.00

Peters påske

Fredag 03.april kl. 19.00

langfredag gudsteneste

Søndag 05.april kl 12.00

Påskedagsgudsteneste

Søndag 19.april kl. 17.00

Samtalegudsteneste

Onsdag 29.april kl. 11.00

Bygdatreff



Etter fornødelse skal vi opphøyes

Det blir liksom større for kvar gong - dette med våren; meire kjært og underfullt di nærare eller lenger inn i livshausten vi er komne. Kanskje fordi dei verkelege verdiane blir tydelegare for oss då. Eldre blir, gjerne, meir og meir glad i våren, kanskje fordi livets haust treng vårens gladbodskap; at livet vinn.

No er det snart og påsketid. Dei kjem i lag, side om side, dei to: Guds under i naturen, i skaparverket og Guds underet i påsken. Her er dei igjen med lyset og varmen, med håpet og gleda.

Det er trøyst å finne i naturen, i dei tilbakevendande, fornyelege vår- og livskreftene.

Det er og trøysta å finna i påsken. Ei trøyst som kan styrka oss innanfrå!

Tenk at Jesus døydde! Rett forstått er det ein god tanke. Han blei til og med gravlagt. Det er spesielt godt å tenkja på, syns eg. Grava kan opplevast skremmande. Difor er det godt å vita at Jesus og har vore der.

Ingen venta han tilbake. Alle som var glade i han berre gret. Men dei som hadde gitt opp håpet, tok feil. Og på dei som gret, på dei venta gleda.

Jesus måtte ikkje koma til jord. Han måtte ikkje dø - ikkje for sin eigen del. Han kom på grunn av oss. Han døydde for oss og stod opp for oss. Vi skal få overlata oss i hans hand og tru at det livet Gud har gitt oss, og som vi må gje frå oss ein dag, det skal vi ein

dag få tilbake i fornya og herleggjort skapnad. Ja, heile skaparverket skal fornyast i all sin rikdom: Ny himmel og ny jord.

Det ser ikkje håpefullt ut når haust, storm og ffrostnetter har tatt fargane og lagt det meste i svart kvitt og sendt blommar og blad til jord igjen.

Det ser ikkje ser ikkje lyst ut – nei. Men der er noko vi veit og som ber oss gjennom den mørke vinteren: Under snø og is ligg livet i slummer og ventar på å ta over igjen. Det er liksom så at alt berre skal få kvila ei stund og så stå opp til i ein ny vårdag. Sola kallar livet fram på mirakuløst vis.

Vår og påske forkynner i lag. Skaparens Gud og frelsens Gud er den same. Petter Dass forkynner det slik i sin påskesalme:

«Efter fornødelse skal vi opphøyes, solen skal skinne når regnet er endt, heder og ære deg, Kristus, tilføyes, for ved oppstandelsen ble det full kjent at du Den Høyestes sønn monne være, som over døden vant seier med ære. Halleluja! Halleluja!

Aldri er kornet i jorden så lenge at vi ei spirende oppvekst får se. Blomster ved sommer skal lokkes av enge, de som lå dekket av vinter og sne. Så skal og blomstre de visnede lemmer, de som i støvet med tårer vi gjemmer. Halleluja! Halleluja!» (191 v.2 og 4 Salmeboka)

Gledeleg påske!
Stein Hugo Fykse
spr

Påskefortellingen i tekst og toner:

PETERS PÅSKE



AUSTRHEIM KYRKJE

29. mars kl. 18.00

Gratis inngang. Kollekt.

Sang og musikk:

Stine Karin Sæle
Vibeke B. Midttun
Ove I. B. Danielsen

Forteller:

Torbjørn Sæle

Lyd:

Andreas Scholl

Skann for meir info:



 **DEN NORSKE KYRKJA**
Austrheimkyrkja



Austrheim sokn

Gravlagde

17.03.26	Berit Maria Hopland	f.1937
20.03.26	Odd Egon Rørtveit	f.1956
20.03.26	Malvin Ivar Fønnes	f.1946

Døypte

8.03.26	Selma Langøy Lund
---------	-------------------



Ei varm takk

Ein varm takk for alle helsingar, blomster og fine ord på minnesida og deltagelse ved vår kjære Edmund Synnevåg sin bortgang og begravelse.

Takk for fin seremoni i kyrkja med prest Stein Hugo Fykse.

Stor takk til Vatne begravelsesbyrå som hjelpe til og til fin song ved Arvid Søreide. Det var ein fin og minneverdig dag for oss i sorga.

Vil også takka for den fine oppfølginga av dei som var med og stelle Edmund dei få dagane han fekk på Nordliheimen.

Helsing Åshild, Kjetil og Anette m.fam

Hjarteleg takk

til diakoninemnda for gaven på min 90 års dag.

Helsing Oskar Fønnes

LYS VÅKEN



EI NATT I KYRKJA FULL AV
FELLESSKAP OG OPPLEVINGAR

Fredag 06.mars var 25 spente 5.-klassingar samla til Lys Våken – eit av dei store høgdepunkta i trusopplæringa. Gjennom eit heilt døgn fekk borna oppleve kyrkja som ein stad for både leik, læring, fellesskap og tru.

Dagen starta med "Gudsteneste for alle", der borna fekk vere med

på ei varm og nær gudsteneste der dei fekk delta med å syngje.

Etter gudstenesta gjekk turen vidare til kyrkjelydshuset. Der venta både lyktelaging og pizza, noko som skapte både kreativitet og god stemning. Lyktene vart seinare brukte i ei fin lysvandring i kyrkjerommet.

Høgdepunktet: å overnatte i kyrkja

For dei fleste var det likevel ingen tvil om kva som var det største høgdepunktet: overnatting i kyrkja. Å få breie ut soveposen i det store kyrkjerommet, kjenne på roen og fellesskapet, og vere tett på kyrkja på ein heilt ny måte, vart ei heilt spesiell oppleving.

Trusopplæraren vår, Amelie, stod for det meste av opplegget og gjorde ein fantastisk jobb med å skape tryggleik, leik og læring gjennom heile døgn. Ho vart støtta av sokneprest Stein Hugo,

som også var med heile tida – og saman overnatta dei i kyrkja saman med borna.

Lys Våken gav både små og store nye opplevingar, nye vener og ei ny kjensle av å høyre til i kyrkja. Vi takkar alle som var med – og ikkje minst Amelie og Stein Hugo – for eit døgn fylt av varme, glede og lys, og til våre gode medhjelparar Svanhild Neteland, Gunn H. Dyrkolbotn, Linda Brandtun og Anny Bertelsen



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist
innlevering:

17. april
29. mai
14. august
18. september
16. oktober
13. november

Kyrkjebakken
kjem ut:

29. april
10. juni
25. august
30. september
28. oktober
25. november



VÅRRYDDING PÅ KYRKJEGARDEN

Rydding av gravplassene vil bli gjort

FRÅ ONSDAG 25.MARS

Vi ber difor dei som har
pyntegenstandar m.m. som dei
vil ta vare på -
om å rydde desse vekk sjølve



VIL DU HA ANNONSE
I KYRKJEBAKKEN?

Heilside
1000,-

Halvside
500,-

1/3 side
350,-

1/4 side 250,-

Små annonser
150,-

Takkeannonser
GRATIS!



NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

DØGNVAKT: 56 37 14 10

Begravelsesbyrået med hjarte for disktriktet
og omsut for kvar einiskild familie.

Alver—Austrheim—Bergen—Fedje—Gulen—Masfjorden—Modalen
www.nordh-bb.no



VATNE

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)

Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø

vatne-byra.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



Min Salme

O STORE GUD, NÅR JEG I
UNDRING ANER

T: Carl Gustav Boberg 1885

O: Knut J. Andersen 1956

M: Svensk folketone



O store Gud, når jeg i undring aner
hva du har skapt i verden ved ditt ord,
ser universet med de mange baner
og vet alt liv oppholdes ved ditt bord,
/: da bryter lovsang ifra sjelen ut:

O store Gud, o store Gud! :/

Når jeg i Skriften ser de mange under
som Gud har gjort fra første Adams tid,
og ser hvor trofast Herren alle stunder
har ført sitt folk igjennom livets strid;
/: da bryter lovsang ifra sjelen ut:

O store Gud, o store Gud! :/

Når jeg så vet at Kristus lot seg føde,
ja, at han gikk omkring og gjorde vel,
inntil han sonet verdens synd og døde
og oppstod for å frelse hver en sjel;
/: da bryter lovsang ifra sjelen ut:

O store Gud, o store Gud! :/

Når så til slutt hvert tidens slør må
falle,
og troens mål er nådd, så jeg får se,
vil evighetens klokke sjelen kalle
for tronen mellom skaren hvit som sne.
/: da bryter lovsang ifra sjelen ut:
O store Gud, o store Gud! :/

Salmen «O store Gud, når jeg i undring aner» er skrevet av den svenske presten Carl Boberg i 1885. Etter eit sy-møte der han hadde halde andakt, var han på veg heim og kom ut for eit kraftig torevêr. Etter at det var over, vart naturen heilt stille. Dette gjorde inntrykk på han, og han ville uttrykke si undring over skaparverket og Gud sin storheit. Slik vart denne teksten til, ein salme som har vorte til ein av dei mest brukte kristne songane i verda.

Eg vaks opp i Langevåg, ei bygd på Sunnmøre. Foreldra mine var aktive på bedehuset, og eg var ikkje store jenta første gong eg hørde denne salmen. Eg har alltid synest det er ein utruleg vakker song. Teksten er full av undring, men det er først og fremst melodien som har grepe meg. Som musikal betyr musikken og melodien mykje, og akkurat i denne salmen er det som om tekst og melodi løfter kvarandre fram på ein heilt spesiell måte. Det er noko med klangane og rommet den skapar som gjer at budskapet går rett inn – utan at det trengst å forklarast. Salmen minner meg om at eg er ein del av noko større, og når eg høyrer den blir eg fylt av takksemnd og ro.

Kanskje er det nettopp derfor denne salmen har fått ein så spesiell plass hjå meg. Den ber med seg minne frå barndommen, samtidig som den er ei påminning om kven eg er, kvar eg kjem frå og kor eg høyrer til.

Elisabeth Jensen Risnes

KORKAFÉ



AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS

Søndag 12. april kl. 15.30

Program:

- **Lækoret**

dirigent Anne Lise Fjelland.

- **Berre på gøy.**

dirigent John Kåre Fløysand.

- **Austrheim Seniorkor**

dirigent Kjersti Møllerup Wiik.

- **SOLISTAR**

- **ÅRESAL**

- **MATØKT**

- **ALLSONG**



Billettpris kr.200.- Born gratis.

Arr: Austrheim Seniorkor



Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik



BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Hovudbiblioteket

Tysdag 10 - 15

Onsdag 14 - 19

Fredag 10 - 15

Fonnes filial

Torsdag i oddeltalsveker

10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule. Inngang ved den gamle naturfagsalen, i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Følg oss gjerne på Facebook.

GOD BOK



KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel
 tlf. 56 16 21 42 / 56 16 20 00
 Sætre marka 2,
 5943 Austrheim

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson
 tlf. 966 26 656
 Sætre marka 2,
 Mandag onsdag og torsdag

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

tlf. 56 16 82 00

Telefontid

Måndag til fredag:

kl. 08.30 - 12.00 og kl. 13.00 - 14.00

Torsdag kl. 09.00 - 12.00

og 13.00 - 14.00

AUSTRHEIM HELSESTASJON

Opningstid: kl. 08.30 - 15.00

Helsesjukepleiar tlf. 56 16 82 11

Psykisk helse tlf. 56 16 82 13

Jordmor er å treffe på

Austrheim tysdag og onsdag.

Tilgjengeleg på telefon måndag
 - fredag, tlf. 453 55 034

TELEFONNUMMER I PLEIE- OG OMSORG:

Nordliheimen: 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
 56 16 20 40

Heimesjukepleien:
 56 16 21 25

Tildelingstenesta:
 56 16 21 42/ 56 16 20 00

– Å gje noko til andre gjev like mykje tilbake, om ikkje meir.

Ove, frivillig i Kirkens SOS i 25 år.

Nye innføringskurs startar i september.

**Bli frivillig på chat og telefon
– og gjer ein forskjell!**

Les meir her: kirkens.sos.no/frivillig



ÅRÅS BEDEHUS

Møte søndag 29.mars 11:00 Reidun Skurtveit talar.

Søndag 12.april: Vi reiser til Fedje bedehus på storsamling kl.12:00.

Ferge frå Sævrøy kl.11:20

Ønskekonserten mandag 20.april 17:00 Allsong fra sangboka.

Møte søndag 26.april 11:00 Asle Hetlebakke talar.

Kjellaren for 5-8. trinn. Onsdagar 18:00-19:30

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.

ÅRSMØTE

FOSNØY VILTLAG

**Avholdast torsdag 26. mars kl 19-21
på Øksnes Grendahus.**

Innkalling er sendt jaktfelteiarne.

Viltforvaltar Mikkel Bengtsson vert med på møtet.

Hovudsak på årsmøte er å gje føringar for årets bestandsplan.

Alle grunneigarane med registrert e-post adresse har fått tilsendt spørjeundersøking om hjorteforvaltning.

Alle grunneigarar har rett å stilla på årsmøtet, men det er ein person frå kvart gardsnummer som har stemmerett.

*Helsing styret i Fosnøy Viltlag ved leiar
Eivind Børilden (mob 934 28 971)*

